



Når skjer det moko med gjerdet? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ikkje alt som går med turbofart.
Det slår Torfinn Myklebust i Uskedalen fast i eit brev til rådmannen med kopi til ordføraren.
Han stiller desse spørsmåla:**

'Når vil kommunen ta seg tid til å lesa breva mine og svara på kva kommunen har tenkt å gjera med skulegjerdet i Uskedalen?
Vil det skje i 2011?

Har kommunen tenkt å få ferdig alle avtalar - som det står i dokumentlista til kommunen, alt er klare - med grunneigarar når det gjeld kloakken i Uskedalen i løpet av 2011?
Meiner kommunen at eit drøftingsmøte kanskje bør haldast i vinter?'

Myklebust sluttar brevet med å ønske gode arbeidsdagar!